



Haugland er eit ualminneleg sterkt skinamn i Uskedalen – her representert ved Pål, Catrine, Solveig og Veslemøy (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ole Vidar Monsen frå Uskedalen gjekk mila på under 28 minutter og sette seg kraftig i respekt under Kvinnheradmeisterskapen i Fjellhaugen søndag. Han vann klassa 21-30 år.

Om to veker skal han starta i Birkebeinerrennet og han utelukkar ikkje at han også ein gong kjem til å starta i Vasaloppet, seier han til uskedalen.no.

Også Catrine Haugland kan smykke seg med tittelen Kvinnheradsmeister etter å ha vunne klassa 36-40 år.

Av dei 12 år gamle jentene var Kari Bråthun frå Uskedalen raskast.

Tormod Myklebust vann nappetaket med ein sambygding, Bjarne Lilleaas, om sigeren i klasse 56-60 år.

I klassa 61-65 år var Pål Haugland frå Uskedalen einaste deltakar.

Det varein fin skidag med godt føre og små smøringsproblem trass i at temperaturen pendla rundt null grader. Dette var renn nummer fire av karusellrenna og det galdt også som meisterskap.



Ella Karina Hjørnevåg frå Uskedalen etter at ho hadde fått medaljen sin. (Foto. Ola Matti Mathisen)



Ole Vidar Monsen sette seg kraftig i respekt

Deltakinga i barneskirennet som vart avvikla fyrst var nok mindre enn den plar vera – det stilte opp i overkant av 30 håpefulle rekruttar. Til gjengjeld møtte dei eldre mannjamnt fram – av dei var det meir enn 70 slik at det samla talet kom over 100.

Arrangementet gjekk greitt unna – med fellesstart i to puljar. Det var Omvikdalen IL som sto for avviklinga.



Katrine Røssland og Kari Bråthun frå Uskedalen er gode vener og konkurrentar i 12-årsklassa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

17 frå Uskedalen stilte på startstreken denne gongen og viste nok ein gong at det framleis er god godbotn for skisport i bygda.

Her er plasseringane til uskedalingane:

Gutar 10 år og yngre (2 kilometer):

1. Kristoffer Eskeland, Rosendal	8,59
3. Johannes Haugland, Uskedalen	11,35
5. Kjartan E. Tungesvik, Uskedalen	12,29
7. Martin Røssland, Uskedalen	15,20

Jenter 10 år og yngre (2 kilometer):

1. Ruth Solveig Årthun Bergane, Marte	11,29
2. Solveig Haugland, Uskedalen	12,30
5. Maren Bjørnebøle, Uskedalen	13,11

Jenter 12 år (2 kilometer):

1. Kari Bråthun, Uskedalen	6,58
2. Katrine Y. Røssland, Uskedalen	10,21

Jenter 13 år (3 kilometer):

1. Kristin Storhaug, Ternen	15,42
2. Ingebjørg Haugland, Uskedalen	20,42

Kvinner 36-40 år (5 kilometer):

1. Catrine Haugland, Uskedalen	17,38
2. Margunn Eik, Rosendal	19,33

Menn 36-40 år (10 kilometer):

1. Torgeir Fosse, Rosendal	31,49
2. Stig Berge Soldal, Uskedalen	32,37

Menn 51-55 år (10 kilometer):

1. Iver Blokkum, Ternen	31,03
3. Kurt Haugland, Uskedalen	39,21

Menn 56-60 år (10 kilometer):

1. Tormod Myklebust, Uskedalen	32,14
2. Bjarne Lilleaas, Uskedalen	34,12

Menn 61-65 år (10 kilometer):

1. Pål Haugland, Uskedalen	34,27
----------------------------	-------

Menn senior, 21-30 år (10 kilometer):

1. Ole Vidar Monsen, Uskedalen	27,54
2. Kjetil Mehl, Omvikdalen	29,09

I barneskirennet var disse frå Uskedalen med:

William Hjørnevåg, Ella Karina Hjørnevåg, Martin Hjelmeland Arnesen, Åsne Hjelmeland Arnesen, Ingeborg Huse Bjørnebøle, Solveig Haugland, Veslemøy Haugland. Pål Ingvar Haugland, Joakim Ljosnes Myklebust, Anine Enes og Sivert Stensletten.

Av Ola Matti Mathisen

